



HKH Bygg og Eiendom AS
Orrhøyflaten 3
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1288 - 14/3807

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@meland.kommune.no

Dato:
18.03.2014

Godkjenning- Arealoverføring på Ytre Brakstad, gnr. 6 bnr. 63 og 62.

Administrativt vedtak. Saknr: 55/2014

Saksutgreiing:

Jon Magne Vik har i søknad stempla mottoken 28. okt 2013 søkt om arealoverføring av eit areal frå gnr. 6 bnr. 63 (2890 m2) til gnr.6 bnr.62 (2011 m2). I søknaden var det ikkje oppgitt areal på det området som skulle overførast, berre at avgjevande bnr. 63 skulle vera om lag 1000 m2 etter arealoverføringa. Søkjar skal sjølv eiga gnr.6 bnr.62, medan bnr. 63 skal seljast til HKH Bygg og Eigedom AS. Det er bustadbygg på begge eigedommane, og heimelshavar ynskjer sjølv å ha eigedomsretten til reiskapshus og uteareal som i dag ligg på bnr. 63 og ynskjer difor overføra dette arealet til gnr.6 bnr.62.

Begge eigedommane ligg innanfor LNF området, men desse vart frådelt hovudbruket som bustadeigedommar i sak om bruksrasjonalisering i 2010.

Det er søkt om og gitt dispensasjon til arealoverføring i DNT sak 525/13. Storleiken på dette arealet er oppgitt feil i dispensasjonsvedtaket og skal vera om lag 1890 m2- ikkje ca 1000 m2. Retting av storleiken på arealet endrar ikkje på noko tilhøve og det vert heller ikkje oppretta nye bustadeiningar som fylgje av arealoverføringa. Tiltaket medfører ingen endring med tanke på veg, vatn, avlaup, avkøyrsløse.

Naboar er varsla og har samtykka i tiltaket.

Vurdering:

Søknad om arealoverføring er signert av dåverande eigar av begge tomtane. I mellomtida har HKH Bygg og Eiendom AS fått heimelen til avgjevande eigedom gnr. 6 bnr. 63. HKH Bygg og Eiendom AS har tidlegare fått fullmakt til å stå som tiltakshavar for søknad om oppføring av bustad på gnr. 6 bnr. 63. (eksisterande bustad brann ned 31.12.12) Det er også HKH som har skrive søknaden om dispensasjon. I dispensasjonssøknaden kjem det klart fram at omsøkt areal ikkje skal vere med i eigedommen gnr.6 bnr.63. Ein reknar det difor godtgjort at dei nye eigarane av gnr.6 bnr. 63 har godkjent søknaden om arealoverføring.

Søknad om dispensasjon til arealoverføringa er godkjent og søknaden om arealoverføring kan godkjennast som omsøkt på kartvedlegg innstempla 28.okt 2013. Den nye grensa til gnr.6 bnr.63 går på nordsida av tilkomstvegen.

Vedtak

« Meland kommune godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 20-1 bokstav m, søknad om arealoverføring av om lag 1890 m2 frå gnr.6 bnr.63 til gnr.6 bnr.62, i samsvar med søknad stempla motteken 28.10.2013 og som vist på situasjonskart av same dato.

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med lov om eigedomsregistrering, jfr pbl § 21-9. Endelege grenser vert fastsatt ved oppmålingsforretninga.

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.»

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema.

Plan, utbygging og kommunalteknikk

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Anngunn Marie Gullbrå
fagansvarleg gis/geodata